



MØTEBOK 05/26

PLAN- OG MILJØUTVALET

Møtedato: 28.04.2026**Møtestad:** Sula rådhus**Møtetid:**

Kl. 08:30 - 13:00

Saksnr.:

027/26 – 044/26

Følgjande medlem møtte

Karoline Antonie Slinning

Natalia Øvstegård

Øystein Båtnes

Jan Arne Sletta

Parti

AP

FRP

FRP

H

Forfall meldt frå følgjande medl.

Jim Arve Røssevoll

Sissel Andersen

Jan Magnar Sandvik

Parti

AP

FRP

SUL

Følgjande varamedlem møtte*Ingen vara kunne møte*

Kjell Petter Dyb

*Ingen vara kunne møte***Parti**

AP

FRP

SUL

Møteleiar:	Øystein Båtnes
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, fungerande einingsleiar/seniorrådgivar Terje Havnegjerde (tekniske tenester) og John-Magne Eikrem (eigedom), rådgivar Cecilie Solli, ingeniør Odd-Arne Talberg og Heidi Hansen frå Nordplan, politisk sekretariat: Anne Lise Engkrog Salen
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acossky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	OK
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Ordførar Turid Humlen deltok i møte.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
027/26	Godkjenning av møtebok nr. 03/26	
028/26	Godkjenning av møtebok nr. 04/26	
029/26	Rapportering frå eining for eigedom og eining for tekniske tenester	
030/26	Vasset Borettslag - Statusrapport nr 02 dato 17.04.26	
031/26	Forskrift Motorferdsel i utmark	
032/26	Søknad om generelt løyve til ferdsel i Vonløypa og utmark 2026	
033/26	Prinsippsak - vegføring Karl garden	
034/26	Gnr 97 bnr 5 m.fl. Detaljregulering for Karl garden i Havnegjerde - 1. gongs offentleg ettersyn	
035/26	Gnr 87 bnr 5 - Elin Erdal m.fl. - Frådeling av bebygd eigedom - Dispensasjon	
036/26	Gnr 74 gnr 306 - seksjon 2 - Oppføring av garasje med takterrasse - Dispensasjon	
037/26	Gnr 94 bnr 20 - Klagebehandling - Klage på vedtak i DP-sak 125/25	
038/26	Gnr 94 bnr 20 - Ivar M. Bjørnevik - Vurdering av anmodning om utsett iverksetting	
039/26	Gnr 109 bnr 447 - Ulovleg utfylling i sjø - Vedtak om pålegg om retting og ilegging av dagmulkt.	
040/26	Forskrift om fellingsavgift - forslag til høyring	
041/26	Fastsetting av planprogram, temaplan naturmangfald	
042/26	Arbeidsdialog - forslag til temaplan for naturmangfald	
043/26	Delegerte saker	
044/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

027/26: Godkjenning av møtebok nr. 03/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 027/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

028/26: Godkjenning av møtebok nr. 04/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 028/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

029/26: Rapportering frå eining for eigedom og eining for tekniske tenester

Plan- og miljøutvalet tek orientering til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Einingsleiar for Eigedom orienterte om følgjende saker:

- Statusrapport Vasset Borettslag kjem som eiga sak.
- Vask i kommunale bygg: det pågår ei kartlegging av frekvens på vask av rom i kommunale bygg.
- Innsparingstiltak: kartlegging om ein skal montere elektroniske håndtørkarar i kommunale bygg, for å få ned forbruket av tørkepapir.
- Effektivisering straumtiltak: kommunen har jobba godt med tiltak over fleire år. Arbeidet held fram då det framleis er mykje å spare.

Einingsleiar for Teknisk orientering om følgjande saker:

- Mykje dagleg saksbehandling i alle avdelingar

- Arealplan: Det er kome inn fleire innspel til plan.
- Ein del planarbeid kjem opp som eigne saker idag.
- Pumpestasjon på Eikrem: Frist for anbod går ut denne veka.
- Fleire vasslekkasjer det vert jobba med.
- Det er kome ein del skader på vegnettet vårt.
- Ein pott på trafikktryggingsmidlar som skal fordelast
- Temaplan for veg er påbegynt. Vegnormer skal inn der. Vurdere om vi skal ha eit arbeidsmøte med Plan- og miljøutvalet for innspel.

Kommunedirektøren sender innkalling til eige møte om framdriftsplan for arealplan til ordførar, leiar av plan- og miljøutvalet, einingsleiar for Tekniske tenester og planleggar for arealplan.

Leiar for plan- og miljøutvalet sender ut e-post til gruppeleiarar i kvart parti, og minner om at dei kan kome med innspel til arealplan.

PM - 029/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet tek orientering til vitande.

030/26: Vasset Borettslag - Statusrapport nr 02 dato 17.04.26

Kommunedirektøren si innstilling:

Orientering om status for investeringsprosjekta Vasset Borettslag takast til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 030/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Orientering om status for investeringsprosjekta Vasset Borettslag takast til vitande.

031/26: Forskrift Motorferdsel i utmark

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalget vedtek å legge forslag til «Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Sula kommune» ut på offentlig høyring i 6 veker jf. Forvaltningsloven § 37.

Kommunedirektøren vurderer det som nødvendig med ei lokal forskrift for å sikre ein meir forutsigbar og restriktiv praksis.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta i utvalet.

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 031/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalget vedtek å legge forslag til «Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Sula kommune» ut på offentlig høyring i 6 veker jf. Forvaltningsloven § 37.

Kommunedirektøren vurderer det som nødvendig med ei lokal forskrift for å sikre ein meir forutsigbar og restriktiv praksis.

032/26: Søknad om generelt løyve til ferdsel i Vonløypa og utmark 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknad om generelt løyve til ferdsel i Vonløypa og utmark 2026

I medhald av lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova – mfl.) § 6 første ledd, jf. forskrift 15. mai 1988 nr. 356 om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag § 3, innvilgar Plan- og miljøutvalet søknad datert 22.02.2026 om generelt løyve til motorisert ferdsel i Vonløypa og tilgrensande utmark.

Løyvet er gyldig frå den dato det vert kunngjort for søkjar og til og med 31.12.2026.

Løyvet gjeld berre ferdsel til dei føremåla som går fram av søknaden.

Med heimel i mfl. § 6 andre ledd siste punktum vert løyvet gitt på følgjande vilkår:

1. Dersom ferdselen krev samtykke frå grunneigar, er søkjar ansvarleg for å innhente slikt samtykke før ferdsel tek til.
2. For å unngå skade og ulempe for natur, menneske og miljø skal all ferdsel skje på ein aktsam og omsynsfull måte.
3. Eventuelle skadar som følgje av ferdselen skal rettast opp innan rimeleg tid.
4. Løyvet og oppdatert køyrebok skal medbringast under all transport og kunne leggjast fram ved kontroll.
5. Motorisert ferdsel skal i størst mogleg grad unngåast på store utfartsdagar.
6. Ferdselen skal som hovudregel følgje traséen for Vonløypa. På vinterstid kan traséen justerast i samsvar med snø- og føreforhold.
7. Løyvet omfattar maksimalt 140 turar per kalenderår.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta. Det var ein runde med diskusjon rundt antall turer som er kjørt for private hytteeigarar i 2025. Berre eit fåtall av turane er for Vonløypa. (225 turar totalt)

Taustua og Rollonhytta har fått vedtak på 25 turar kvar i 2026.

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Som kommunedirektøren si innstilling, men antall turer vert sett til totalt 100 turer i 2026.

I tillegg eit ekstra kulepunkt:

- Sula kommune forventar ei gradvis nedtrapping i talet på køyringar. Dette er grunngjeve i arbeidet med lokal forskrift for motorisert ferdsel i utmark, og behovet for å regulere omfanget av slik ferdsel på ein meir føreseieleg og berekraftig måte.

Ved avstemming sette ein kommunedirektøren si innstilling opp mot fellesforslag utarbeidd i møte. Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 032/26 Vedtak:

I medhald av lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova – mfl.) § 6 første ledd, jf. forskrift 15. mai 1988 nr. 356 om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag § 3, innvilgar Plan- og miljøutvalet søknad datert 22.02.2026 om generelt løyve til motorisert ferdsel i Vonløypa og tilgrensande utmark.

Løyvet er gyldig frå den dato det vert kunngjort for søkjar og til og med 31.12.2026. Løyvet gjeld berre ferdsel til dei føremåla som går fram av søknaden.

Med heimel i mfl. § 6 andre ledd siste punktum vert løyvet gitt på følgjande vilkår:

1. Dersom ferdselen krev samtykke frå grunneigar, er søkjar ansvarleg for å innhente slikt samtykke før ferdsel tek til.
2. For å unngå skade og ulempe for natur, menneske og miljø skal all ferdsel skje på ein aktsam og omsynsfull måte.
3. Eventuelle skadar som følgje av ferdselen skal rettast opp innan rimeleg tid.
4. Løyvet og oppdatert køyrebok skal medbringast under all transport og kunne leggjast fram ved kontroll.
5. Motorisert ferdsel skal i størst mogleg grad unngåast på store utfartsdagar.
6. Ferdselen skal som hovudregel følgje traséen for Vonløypa. På vinterstid kan traséen justerast i samsvar med snø- og føreforhold.
7. Løyvet omfattar maksimalt 100 turar per kalenderår.
8. Sula kommune forventar ei gradvis nedtrapping i talet på køyringar. Dette er grunngjeve i arbeidet med lokal forskrift for motorisert ferdsel i utmark, og behovet for å regulere omfanget av slik ferdsel på ein meir føreseieleg og berekraftig måte.

033/26: Prinsippsak - vegføring Karlsgarden

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula plan- og miljøutval vedtek at:

1. o_KV1 skal regulerast som samleveg, slik den er vist i reguleringsplanforslag for Karlsgarden, datert 22.08.25.
2. Det skal stillast rekkefølgjekrav om opparbeiding av vegen, med start frå sørvest (x Nedre Råsa - Hølevegn). Rekkefølgjekravet skal innarbeidast i føresegnene til reguleringsplanen.
3. Når reguleringsplanen er godkjend kan forhandling om kostnadsfordeling og gjennomførings- og utbyggingsavtale starte. Avtalen vil avklare kommunes økonomiske andel, og behov for avsetning av midlar i langtidsbudsjettet.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta.

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Saka blir utsett til neste møte i utvalet. Plan- og miljøutvalet ønsker at Fylkeskommunen kjem på synfaring vedr. vegløyning.

Ved avstemming sette ein kommunedirektøren si innstilling opp mot fellesforslag utarbeidd i møte. Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 033/26 Vedtak:

Saka blir utsett til neste møte i utvalet. Plan- og miljøutvalet ønsker at Fylkeskommunen kjem på synfaring vedr. vegløyning.

034/26: Gnr 97 bnr 5 m.fl. Detaljregulering for Karlsgarden i Havnegjerde - 1. gongs offentlig ettersyn

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og -11 vedtek Plan- og miljøutvalet å legge forslag til "Reguleringsplan for Karlsgarden på Havnegjerde" - planID 2021000921 - ut til 1 gongs høyring og offentlig ettersyn i 6 veker. Plankart, og planomtale sist revidert 22.08.25. Planføresegner revidert 04.11.25. Det er innarbeida rekkefølgjekrav for samleveg o_KV1 med start frå sørvest, og renovasjonsteknisk plan er gjort bindande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Saka blir utsett til neste møte i utvalet. Plan- og miljøutvalet ønsker at Fylkeskommunen kjem på synfaring vedr. vegløyning.

Ved avstemming sette ein kommunedirektøren si innstilling opp mot fellesforslag utarbeidd i møte. Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 034/26 Vedtak:

Saka blir utsett til neste møte i utvalet. Plan- og miljøutvalet ønsker at Fylkeskommunen kjem på synfaring vedr. vegløyning.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 16.12.2025

Følgande fellesforslag vart sett fram:

Saka vert utsett, jf. sak 072/25.

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 073/25 Vedtak:

Saka vert utsett, jf. sak 072/25.

035/26: Gnr 87 bnr 5 - Elin Erdal m.fl. - Frådeling av bebygd eigedom - Dispensasjon

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan -og bygningslova godkjenner Plan -og miljøutvalet omsøkte frådeling av bebygd parsell på eigedom gnr. 87 bnr. 5. Fiskerstrandvegen 215, 6035 Fiskerstrand. Dette jf. vedlagt kartskisse. Tiltaket er saksbehandla jf. pbl. § 20-1, bokstav m.

Følgande vilkår skal sikrast:

- Når oppstarta regulering i området er blitt godkjent, skal omsøkte eigedomsparsell nyttast i tråd med denne.
- Rettigheit til anlegging og vedlikehald av veg, vatn og avløp fram til kommunalt knytopunkt skal tinglysast. Før oppmåling blir utført, skal tiltakshavar sørge for å tinglyse rettigheitene hos Kartverket. Ein kopi av tinglysinga skal sendast inn til kommunen.

Dispensasjon.

Med heimel i plan og bygningslova §19-1 blir det søkt om dispensasjon frå krav om regulering før deling, jf. kommuneplanens føresegn 2.1.1. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte deling godkjent.

Grunngjeving:

Frådeling gjeld ein bebygd eigedom som har vore etablert sidan første halvdel av 1900 talet. Det er oppstarta ein planprosess for området, og omsøkte grenser er i tråd med regulert tomtedeling. Frådelinga vil ikkje skape problem for oppstarta reguleringsplan.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast gebyr for kommunens saksbehandling og oppmålingsforretning. Når gebyrene er betalt, vil oppmålingsforretning bli utført jf. matrikkellova.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta i utvalet.

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 035/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan -og bygningslova godkjenner Plan -og miljøutvalet omsøkte frådeling av bebygd parsell på eigedom gnr. 87 bnr. 5. Fiskerstrandvegen 215, 6035 Fiskerstrand. Dette jf. vedlagt karts-kisse. Tiltaket er saksbehandla jf. pbl. § 20-1, bokstav m.

Følgande vilkår skal sikrast:

- Når oppstarta regulering i området er blitt godkjent, skal omsøkte eigedomsparsell nyttast i tråd med denne.
- Rettigheit til anlegging og vedlikehald av veg, vatn og avløp fram til kommunalt knytopunkt skal tinglysast. Før oppmåling blir utført, skal tiltakshavar sørge for å tinglyse rettigheitene hos Kartverket. Ein kopi av tinglysinga skal sendast inn til kommunen.

Dispensasjon.

Med heimel i plan og bygningslova §19-1 blir det søkt om dispensasjon frå krav om regulering før deling, jf. kommuneplanens føresegn 2.1.1. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte deling godkjent.

Grunngjeving:

Frådeling gjeld ein bebygd eigedom som har vore etablert sidan første halvdel av 1900 talet. Det er oppstarta ein planprosess for området, og omsøkte grenser er i tråd med regulert tomtedeling. Frådelinga vil ikkje skape problem for oppstarta reguleringsplan.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast gebyr for kommunens saksbehandling og oppmålingsforretning. Når gebyrene er betalt, vil oppmålingsforretning bli utført jf. matrikkellova.

036/26: Gnr 74 gnr 306 - seksjon 2 - Oppføring av garasje med takterrasse - Dispensasjon

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til omsøkte tiltak på eigedom gnr. 74 bnr. 306 snr. 2 på Ferdahaugen 18 A, 6035 Fiskerstrand. Dette jf. søknadsbehandling (pbl. §§ 20-1 og 21-4).

Dispensasjon.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå kommuneplanens føresegn 2.1.1 og maks 30% tomteutnytting. Det blir søkt om ei tomteutnytting på 41,5 %.

Jf. pbl. 19-2 blir det gitt godkjenning til omsøkte fortetting.

Grunngjeving:

Dei kringliggande forholda rundt eigedomen gir tilfredsstillande gode forhold for uteopphold. Bygget vil dekke eit viktig behov for garasje -og bod plass, og kunne bidra med uteoppholdsareal med gode kvalitetar.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksbehandlingsgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ. Faktura vil bli ettersendt.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta.

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 036/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til omsøkte tiltak på eigedom gnr. 74 bnr. 306 snr. 2 på Ferdahaugen 18 A, 6035 Fiskerstrand. Dette jf. søknadsbehandling (pbl. §§ 20-1 og 21-4).

Dispensasjon.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå kommuneplanens føresegn 2.1.1 og maks 30% tomteutnytting. Det blir søkt om ei tomteutnytting på 41,5 %.

Jf. pbl. 19-2 blir det gitt godkjenning til omsøkte fortetting.

Grunngjeving:

Dei kringliggande forholda rundt eigedomen gir tilfredsstillande gode forhold for uteopphold. Bygget vil dekke eit viktig behov for garasje -og bod plass, og kunne bidra med uteoppholdsareal med gode kvalitetar.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksbehandlingsgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ. Faktura vil bli ettersendt.

037/26: Gnr 94 bnr 20 - Klagebehandling - Klage på vedtak i DP-sak 125/25

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak:

Plan- og Miljøutvalet opprettheld vedtak i DP-Sak 125/25, datert 24.11.25. Klagen på vedtak blir ikkje tatt til følge.

Grunngjeving:

- Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre rettsleg grunnlag som kan endre, eller føre til oppheving av vedtak for DP-sak 125/25.

Klagesaka blir oversendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33, fjerde ledd, og pbl. § 1-9 siste ledd.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta.

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 037/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak:

Plan- og Miljøutvalet opprettheld vedtak i DP-Sak 125/25, datert 24.11.25. Klagen på vedtak blir ikkje tatt til følge.

Grunngjeving:

- Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre rettsleg grunnlag som kan endre, eller føre til oppheving av vedtak for DP-sak 125/25.

Klagesaka blir oversendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33, fjerde ledd, og pbl. § 1-9 siste ledd.

038/26: Gnr 94 bnr 20 - Ivar M. Bjørnevik - Vurdering av anmodning om utsett iverksetting

Kommunedirektøren si innstilling:

Klage frå nabo med krav om utsett iverksetting av tiltak godkjent i DP-sak 125/25, blir ikkje tatt til følge.

Grunngjeving:

Hensikta med å gi eit vedtak utsettande iverksetting, er å hindre at gjennomføring av tiltaket skal føre til uoppretteleg skade eller tap, enten for tiltakshavar (gbnr 94/20) eller klagepart (gbnr 94/3). Etter byggesaksavdelinga si vurdering vil ikkje omsøkte tiltak føre til uoppretteleg skade eller tap for klagar, sjølv om tiltaket blir sett i gang før klagespørsmålet er avgjort.

Oppstart av oppmålingsarbeid før klagesaken er ferdig behandla, er tiltakshavars heile og fulle ansvar. Og tiltakshavar må sjølv bere tapet ved ei eventuell retting/tilbakeføring, dersom klagen frå nabo blir tatt til følge.

Avgjersle om utsett iverksetting jf. forvaltningslova § 42 er ikkje eit enkeltvedtak.

Avgjersla kan derfor ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28.

Saken oversendes Statsforvalteren i Møre og Romsdal, som på sjølvstendig grunnlag vil ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta i utvalet.

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 038/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Klage frå nabo med krav om utsett iverksetting av tiltak godkjent i DP-sak 125/25, blir ikkje tatt til følge.

Grunngjeving:

Hensikta med å gi eit vedtak utsettande iverksetting, er å hindre at gjennomføring av tiltaket skal føre til uoppretteleg skade eller tap, enten for tiltakshavar (gbnr 94/20) eller klagepart (gbnr 94/3). Etter byggesaksavdelinga si vurdering vil ikkje omsøkte tiltak føre til uoppretteleg skade eller tap for klagar, sjølv om tiltaket blir sett i gang før klagespørsmålet er avgjort.

Oppstart av oppmålingsarbeid før klagesaken er ferdig behandla, er tiltakshavars heile og fulle ansvar. Og tiltakshavar må sjølv bere tapet ved ei eventuell retting/tilbakeføring, dersom klagen frå nabo blir tatt til følge.

Avgjersle om utsett iverksetting jf. forvaltningslova § 42 er ikkje eit enkeltvedtak.

Avgjersla kan derfor ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28.

Saken oversendes Statsforvalteren i Møre og Romsdal, som på sjølvstendig grunnlag vil ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting.

039/26: Gnr 109 bnr 447 - Ulovleg utfylling i sjø - Vedtak om pålegg om retting og ilegging av dagmulkt.

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Med heimel i plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-5 vert det gitt pålegg om retting av ulovleg utfylling i sjø på gnr. 109 bnr. 447.

Tiltakshavar skal fjerne ulovleg utfylt masse og tilbakeføre området så langt råd er, eller dokumentere fullstendig og fagleg forsvarleg plan for opprydding.

2. Frist for oppfylling av pålegget vert sett til: **29.07.2026**

3. Dersom pålegget ikkje er oppfylt innan fristen, vert det i medhald av pbl. § 32-5 ilagt dagmulkt på kr 2 500 per dag fram til pålegget er fullført.

4. Pålegget kan tinglysast som hefting på eigedomen etter pbl. § 32-3 fjerde ledd.

5. Saka skal meldast til Statsforvaltaren etter pbl. § 32-2 ved eventuell manglande gjennomføring.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Habilitet:

Kjell Petter Dyb (FRP) stilte spørsmål om sin habilitet i saka. For ca 20 år sidan tippa han noko stein i omtalte fylling.

Det vart gjort ei vurdering av habiliteten og Kjell Petter Dyb (FRP) vart vurdert som habil i saka.

Terje Havnegjerde orienterte om historikken for saka.

Saka vart drøfta.

Fellesforslag vart utarbeidd i møte:

Som kommunedirektøren si innstilling, men endre fristen i punkt 2. til 31.12.2026.

Ved avstemming sette ein kommunedirektøren si innstilling opp mot fellesforslag utarbeidd i møte. Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 039/26 Vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-5 vert det gitt pålegg om retting av ulovleg utfylling i sjø på gnr. 109 bnr. 447.

Tiltakshavar skal fjerne ulovleg utfylt masse og tilbakeføre området så langt råd er, eller dokumentere fullstendig og fagleg forsvarleg plan for opprydding.

2. Frist for oppfylling av pålegget vert sett til: **31.12.2026**

3. Dersom pålegget ikkje er oppfylt innan fristen, vert det i medhald av pbl. § 32-5 ilagt dagmulkt på kr 2 500 per dag fram til pålegget er fullført.
4. Pålegget kan tinglysast som hefting på eigedomen etter pbl. § 32-3 fjerde ledd.
5. Saka skal meldast til Statsforvaltaren etter pbl. § 32-2 ved eventuell manglande gjennomføring.

040/26: Forskrift om fellingsavgift - forslag til høyring

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet i Sula kommune legg ut forslag til endringsforskrift vedlagt saka der fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak.

Endringsforskrifta skal ut på høyring med høyringsfrist på 3 veker.

Grunngjeving; Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 040/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet i Sula kommune legg ut forslag til endringsforskrift vedlagt saka der fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak.

Endringsforskrifta skal ut på høyring med høyringsfrist på 3 veker.

Grunngjeving; Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

041/26: Fastsetting av planprogram, temaplan naturmangfald

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet fastset framlagt planprogram for temaplan naturmangfald i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Saka vart drøfta i utvalet.

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

PM - 041/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet fastset framlagt planprogram for temaplan naturmangfald i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13

042/26: Arbeidsdialog - forslag til temaplan for naturmangfald

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet tek til vitande at arbeid med forslag med temaplan for naturmangfald er starta opp.

Utvalet ber om at innspel i arbeidsmøtet, innspel frå innbyggjarar og regionale mynde vert tatt med i forslaget til temaplan som vert lagt fram til behandling før templan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Kommunedirektøren ved rådgivar Cecilie Solli orienterte i saka.

Felles innspel frå plan- og miljøutvalet: Det er viktig med brei medverking frå barn og unge.

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt med innspel frå utvalet.

PM - 042/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet tek til vitande at arbeid med forslag med temaplan for naturmangfald er starta opp.

Det er viktig med brei medverking frå barn og unge.

Utvalet ber om at innspel i arbeidsmøtet, innspel frå innbyggjarar og regionale mynde vert tatt med i forslaget til temaplan som vert lagt fram til behandling før temaplan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

043/26: Delegerte saker

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 043/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

044/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 28.04.2026

Hei,

Jeg har fått noen henvendelser om vann i hagen ved Vågnesvegen 15 (gnr/bnr 99/181). Saken er også meldt inn til kommunen via «Meld feil». Jeg forstår det er vurdert som grunnvann, men etter at to hus mistet vannet 17. april og det ble gjort graving, ble det også funnet en vannkran i området.

Kan dere si litt om hva som er status i saken nå?

Natalia Øvstegård

Svar til spørsmål frå Natalia Øvstegård (FRP):

Einingsleiar for Tekniske tenester, sjekkar status for denne saka.

Spørsmål frå Jan Arne Sletta (H)

Skogen i Sandvika: Den er hogstmoden. Enten vil den blåse ned eller så må den huggast. Mykje er allereie blåst ned. Det har i fleire år vore etterlyst kva skjer i denne saka.

Leiar i utvalet orienterte om historikken om saka som var behandla i plan- og miljøutvalet.

Svar til spørsmål frå Jan Arne Sletta (H)

Einingsleiar for Tekniske tenester, sjekker status for denne saka.

Orientering frå leiar i plan- og miljøutvalet vedr. møte på Nausthaugen 23.april (Mulighetsstudie)

PM - 044/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.